



Kommunal og Regionaldepartementet
Boks 8112 Dep

0032 OSLO

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.
07/884-4/K1-103//AHE
07/8182

Dykkar ref.

Dato:
21.12.2007

Forslag til forbedring av inntektssystemet for kommunene - Høyring

Fjaler kommunestyre gjorde i møte 17.12. følgende samrøystes vedtak:

Fjaler kommunestyre er samde med medlemmene frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti sitt framlegg om å avvikle ordninga med kommunal selskapsskatt.

Kommunestyret ser dei generelle fordelene med å bruke innbyggartalet i året før budsjettåret som grunnlag for utrekning av rammetilskot, men vil få peike på at folketalet i Fjaler pr 1. juli alltid er betydeleg lågare enn resten av året på grunn av ut- og innmelding av studentar ved den internasjonale skulen. Fjaler kommune føreset at dette mishøvet kan løysast gjennom ei unntaksordning.

På dei andre punkta støttar kommunestyret fleirtalstilrådingane i Sørheimsutvalet sin rapport.

Ein viser elles til uttale frå HAFS regionråd.

Med helsing

Arve Helle
ordfører